



Å bu hos andre

Mål for økta: Barna lærer at det å overnatte andre stadar enn heime kan føre til fleire følelsar samtidig. Dersom ein skal bu hos andre over tid, til dømes i fosterheim, er det naturleg med motstridande følelsar til dette.

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

- Kva ser vi på dette bildet?
- Ser den vesle jenta litt redd ut? Kvifor er ho redd trur de? Er ikkje storebror/storesøster redd? Kven er dama som trøystar jenta? Og kven er dei to som bur i huset trur de?

Bruk bildet for å snakke om å overnatte hos andre ei natt eller to:

Vanlegvis sov barn i same hus som foreldra sine, men nokre gongar er det andre som passar barna. Då øver barna seg på å vere vekke frå foreldra sine litt. Nokre synes det går heilt fint, kanskje dei til og med synes det er kjempegøy og superstar! Andre synes det er mest skummelt. Kanskje er det heilt greitt heilt til natta kjem og så plutseleg kjenner barnet i heile kroppen sin at det saknar mamma og pappa kjempemasse! Og kanskje kjem det såinne dumme tankar om at mamma og pappa aldri kjem tilbake, - sjølv om dei kjem att neste dag! Det er slitsamt når ein blir så redd, men det betyr jo berre at barnet er veldig glad i foreldra sine og ikkje vil miste dei! Har du sove hos nokon andre nokon gong? Var det nokon som fekk skumle tankar og vonde følelsar då? Kva hjelper når vi kjenner det sånn?

Eventuelt: Bruk bildet for å snakke om å bu i fosterheim. **NB! Då brukar de samtalebildet om barnevernet FØRST!**

Av og til finn barnevernet ut at det beste for barnet er å bu hos nokon andre ei stund. Det kan vere nokon barnet allereie kjenner, eller nokon barnet blir kjent med. Barnevernet passer på at dei som skal bli barnet sine fosterforeldre er nokon som faktisk har tid og lyst til å vere det på ein god måte, slik at barna blir passa godt på, og får det dei treng slik at dei kan ha det trygt og godt.

Barn som bor hos fosterforeldre kan ha det veldig fint og bra der. Og samtidig er det vanleg å tenke masse på foreldra sine og lure på om dei har det bra der dei er. Dei kan savne foreldra sine og samtidig like fosterforeldra. Dei kan ha lyst å bli verande, og også ha lyst å bu hos foreldra igjen. Det kan bli veldig mange følelsar på ein gong! Da er det lurt å snakke med nokon om det. For når vi snakkar om følelsane og tankane våre kan vi få god hjelp til å få det betre.